


# **BJERKREIMS NYTT**



**INFO TIL BJERKREIMBUEN  
DESEMBER 2021**

**KOMMUNEHUSET:**

Tlf 51 20 11 00  
Månd.-fredag kl 08.00-15.00  
www.bjerkeim.kommune.no

**BIBLIOTEKET:**

Tlf. 51 45 93 20  
biblioteket@bjerkeim.kommune.no

**Biblioteket er stengt 23.12, 24.12 og i romjula.**

Måndag 15.00 – 19.00  
Tysdag 14.00 – 18.00  
Onsdag 14.00 – 18.00  
Torsdag 12.00 – 15.30  
Fredag 12.00 – 15.30

**DIM-RENOVASJON:**

Returpunkt glass/hermetikk finn du ved kommunehuset. Mottak av avfall frå hushaldningar og landbruk på Vikesdalsmoen gjenvinningsstasjon kvar onsdag kl 11-18. Dersom onsdag er heilagdag eller dag før heilagdag er det stengt. Produksjonsavfall må leverast på Svåheia.

**FORSIDE:**

Juletre på Vikeå skule 2020

**NESTE NUMMER:**

Stoff til neste Bjerkreimsnytt må vere inne før onsdag 15. desember kl. 24.00. Bladet kjem ut seinast onsdag 5. januar 2022. Skriv kort! Om du vil sende bilete, legg dette i eiga fil. Innsendt stoff kan bli redigert. Send til postmottak@bjerkeim.kommune.no. Ferdig blad kan lastast ned frå heimesida til kommunen.

**UTGJEVAR:**

Bjerkeim kommune

**KONTAKTPERSON:**

Ingunn Ognedal

**TRYKKING:**

Jærprint

**ANSVARLEG:**

Kulturkontoret

**GRAFISK FORMGIVING:**

Elisabeth Vikeså

**VIKESÅ TAXI**  
51 45 19 00



# ORDFØRAREN SITT HJØRNE



## HEI, GODE SAMBYGDINGAR!

Nå er det snart advent. Bare litt igjen av november, så er vi der! Det blir julegrantenning og mye kjekt framover. I kommunen skjer det mykje, vi arbeider

i desse dagar med parallelloppdraget til ny sentrumsplan for Vikeså. Det er eit spennande og givande arbeid som skal leggja føringar for utviklinga i kommunen framover. Håper vi får eit bredt, godt engasjement rundt dette arbeidet.

Så til litt budsjettlekasjer:

Budsjettarbeidet er godt i gang. Posisjonspartia har komme med små justeringar på budsjettet. Vi er heldige som kan føya til nyttige handlingar både på drift og investering som skal koma alle til gode, men i hovudsak – barn og unge. Det er viktig at vi har ressursar til tidleg innsats- både i barnehage og skule. Det er også difor vi ønskjer å styrkje barnehage med miljøarbeider og kokk. Dette vil bidra til å løfte tilbodet og frigje hender til pedagogisk arbeid.

FN-parken er eit ansvar vi har som vertskommune. Eg skal ærleg innrømme at eg kjente litt på det ansvaret då eg på FN-dagen var på plass og tok imot veteranane i parken. Parken treng ei oppgradering og ekstra tilsyn. Dette legg vi opp til i budsjettet i år slik at FN-parken får den verdigheten som den fortener. Veteranane kom til meg og spurte om minnetavla snart kom på plass. Dette var eit spørsmål som dei hadde stilt heilt tilbake til Janne Johnsens tid som fylkesordførar. Men ingenting hadde skjedd. Her skal kommunen sjølvsagt få fortgang og vera med å ta sin del. Håper vi får dette til før neste FN-dag.

Elles er arbeidet med folkehelsehuset i Skjeraberget på trappene. Her skal vår nye frivillighetskoordinator Line inn å utfolda seg med gode idear. Til dette treng vi utvida eingongsummer som kan brukast. Dette vil politikarane prioritera slik at vi kjem raskt i gang med denne møteplassen for folk i alle aldrar. Eg gler meg til det blir yrande liv i bygget 7 dagar i veka!

Destinasjon Bjerkeim utviklar seg heile tida. Har du ikkje sjekka ut portalen ennå? Sjekk den ut på [www.destinasjonbjerkeim.no](http://www.destinasjonbjerkeim.no) eller på sosiale medier. Det vil kome ein flott julekalender som eg anbefaler dykk å følgje i desember. Fleire gode tilbod og nyheiter vil kome. Kanskje kjem nissen? Så til slutt; det er mørkt, hugs refleks når du er ute å går, spring eller sykklar. God advent.

*Kjetil Slettebo*

**POLITISKE MØTE DESEMBER**

*Innkallingar/protokollar finn du på kommunen sine heimesider:  
[www.bjerkeim.kommune.no](http://www.bjerkeim.kommune.no)*

**Kommunestyre:**

**Tysdag 14.12 kl 16.00**

## HVA MENER DU VIKESÅ OG NESJANE TRENGER FOR Å BLI ET ATTRAKTIVT STED?

Vi er i gang med sentrumsplanen for Nesjane og Vikeså og i den forbindelse inviteres det til åpent informasjonsmøte på samfunnshuset, onsdag 24. november kl. 19.00 - 21.00.

Folkemøtet markerer starten på arbeidet med Vikeså sentrum, der to inviterte arkitektgrupper skal gi anbefalinger og utarbeide fremtidsvisjoner.

Møtet vil gi deltakerne anledning til å stille spørsmål, dele engasjement og gi innspill til kommunen og arkitektgruppene som skal arbeide med mulighetsstudien.

## STENGT PÅ KOMMUNEHUSET

I romjula blir det bare åpne dører på kommunehuset onsdag 29. desember mellom kl 9.00 og kl 14.00. Det same geld sentralbordtenesta.

## SE VIDEO FRA 1980 – OG 90-TALLET!

Ny, digitalisert video er lagt ut på kommunens hjemmeside. Du finner den under kultur – digitaliserte videoer: «Bondelagsturen 1982»

## SVØMMEKURS VÅREN 2022

Det blir arrangert svømmekurs på ulike nivåer våren 2022. Oppstart ca 7. januar, kurs går over 8 uker. Oppmøteplan blir sendt ut.

- Fredag 16.30 – 17.15: Småbarn (fra det året barnet fyller 3 år. Barnet må ha følge i bassenget)
- Fredag 17.15 – 18.00 Grunnkurs (Fra 5 år. Barnet må ha følge i bassenget)
- Fredag 18.00 – 18.45 Videregående 1 (Må kunne flyte)
- Fredag 18.45 – 19.30 Videregående 2 (Må kunne svømme på dyp del av badssenget)

Påmelding fra 2. desember til 4. januar.

Elektronisk søknadsskjema og mer informasjon om de ulike kursene finner du på kommunen sin hjemmeside under Skjema/søknadssenter – Kultur og fritid. Det tas forbehold om endringer i forhold til antall påmeldte.

MINNER OM HVOR VIKTIG DET ER AT ALLE LÆRER Å SVØMME!

## OFFENTLEG SYMJING

Ope i symjehallen på Vikeså skule kvar laurdag frå 23.10 tom 18.12. Oppstart etter nyttår 8. januar. Maks 15 personar i kvar badegruppe for vaksne, maks 25 pr gruppe på familiebadning. Gratis adgang. Hugs badehette. Bleiebarn må bruke badebleie.

Telefonnummer for å reservere plass i badegruppene: 404 44 955

Opningstider:

Kl 10.00 – 10.45 Vaksne over 18 år (Garderobe frå 09.45)

Kl 10.45 – 11.30 Vaksne over 18 år

Kl 11.30 – 12.15: Familiebadning

Kl 12.15 – 13.00: Familiebadning

Kl 13.00 – 13.45: Familiebadning

Lister vert lagt ut i gangen frå kl 10.00 for å reservere plass på dei ulike gruppene. Du kan gjerne møte opp utan å ha reservert plass på førehand, men alle må registrere seg før dei går i garderoben. Bur du langt frå bassenget og har vanskar med å kome innom på førehand, så kan du ringe badevaktane og reservere tid.

## EVENTYRSTUND

Det blir eventyrstund med Kari Tove på biblioteket kvar tysdag kl 17.00 fram til jul. Passer for alle frå 5 år. Velkommen!



## SANG FOR DESEMBER JUL I SVINGEN

*Tekst: Kjetil Indregard*

*Musikk: Odd Nordstoga*

Stille senker natten seg, over deg og over meg.

Snøen faller, alt er hvitt, se så vakert alt er blitt.

Snart er julen her på ny, i hver bygd og i hver by.

Lalalalalalala

Se nå daler snøen hvit. Julen, se den kommer hit.

Til vår by og til vår grenn der vi sammen nå igjen, tenner gran og julelykt. Alt er godt og alt er trygt.

Lalalalalalala

Nissen kommer hit og ser, gaver har han også med.

En til far og en til mor, en til alle barn på jord.

Engler svever høyt i sky, over hav og land og by.

Lalalalalalala

Jorden snurrer rundt seg selv, lys blir mørke, dag blir kveld.

Rekk meg hånden kjære venn, la ditt øye gli igjen.

Her står vi i et vennskapsbånd, varme går fra hånd til hånd.

Lalalalalalala

Her står vi i et vennskapsbånd, varme går fra hånd til hånd.

Lalalalalala,  
lalalalalalala

## JULEGRANTENNING

Sted: v//kulturbanken

Tid: lørdag 27.11 kl 18.00!

(Merk: lørdag i stedet for vanligvis fredag, pga stor konsert i Bjerkreim kyrkje fredagen!)

Vi teller ned til lysa i juletre og julegate tennes. Gang rundt juletreet, forsangere og musikk fra Bjerkreim kulturskole. Salg av mat v/ BIL Håndballgruppe, ute på bålpanner eller inne i Kulturbanken alt etter været. (Salg av mat fra kl 17.30, pause i matsalg fra kl 18.00 – 18.20 mens vi går rundt juletreet) Kle deg gjerne ut som nisse!

*Arr: Bjerkreim kommune*



## KULTURDAGEN

STED. BJERKREIM SAMFUNNSHUS

TID: SØNDAG 28.11 kl 14.00-16.30

Dørene åpnes kl 13.30

- Nå tenner vi det første lys, v/ andreklassinger fra Bjerkreim kulturskole.
- Hege Bjerk m/ band.
- Dansere fra Bjerkreim kulturskole.
- Bjerkreim Brassband
- Salg av mat v/ «Polengruppa» 9. trinn
- Nisser med godteposer.
- Salg av julekranser.
- Pepperkakeutstilling fra barnehagene.
- Utdeling av innsatspriser og kulturpris 2021.



## INFORMASJON FRÅ BJERKREIM IDRETTSLAG

### 1. Turngruppe for dei heilt små

Tidlegare har vi hatt turn/ gymleik som eit tilbod frå dei heilt yngste barna og litt oppover i aldersgruppene. Vi ynskjer å starte opp igjen med turn for dei minste, men treng nokon foreldre/frivillige som vil ta ansvar for desse samlingane. Vi har utstyr og samlingane kan vere i Bjerkreimshallen. Det kan gjerne vere samlingar ein gong i månaden eller når det passar best for dei som organiserer det, det treng ikkje å vere kvar veke. Kontakt: Sjå under.

### 2. Mosjonsgruppe

Bjerkreim idrettslag ynskjer å starte opp med eit mosjonstilbod til medlemmer i laget. Dette vil vere samlingar i hallen med ballspel som fotball, volleyball, innebandy med fokus både på fysisk aktivitet og sosialt samver. Dette tilbodet er retta mot vaksne. Vi har ein person som vil ta ansvar for dette, men vil gjerne ha fleire å spele på.

For begge utfordringane: Ta kontakt med Astrid Apalset Vassbø (leiar i idrettslaget) på 91198483/astridav@hotmail.com dersom du kan tenke deg dette eller har spørsmål.

## KONSERT ROMJULSKVELD

- en hyllest til Sigvart Dagsland 27. desember kl. 20:00 spilles en hyllestkonsert til Sigvart Dagsland i Bjerkreim kyrkje. Billetter finnes på [www.hoopla.com](http://www.hoopla.com). Billettpris: 200 + avgift

*Arrangører: Geir Arne Løvbrekke Bjerkreim og Sander Slettebø Grøsfjell*

## ÆTTESOGELAGET

«Heim til jul», med søstrene Grøtteland

Torsdag 2. desember kl 19.00, på Kommunehuset på Vikeså. Søstrene Synnøve og Kari frå Grøtteland fortel om liv og hendingar då dei skulle heim til faren for å feira jul, – med hest og slede på isen. Vegen til Grøtteland var vinterstengt før 1970, så skuleungane på Grøtteland budde på Hovland for å kunne gå på skule. Det blir vist bilete, og dei spelar gitar og syng songar frå den tida. Etter ein matpause med graut, vert laget sitt årshfte presentert og delt ut.

## MEDLEMSKVELD

Adventskos med utlodning og grøt. Torsdag 9. desember kl 18.30 på Samfunnshuset. Trenger du skyss, gi beskjed. Vi henter.

*Arr. Bjerkreim bygdekvinnelag*



## JULENEK

I år blir det juleneksalg i uke 49 og 50. Vi håper på godt salg og god støtte når vi kommer på besøk. Alle innsamla midler går uavkorta til humanitære formål; lokalt, nasjonalt og internasjonalt. Eksempel på dette er Lionsbussen til omsorgssenteret som ble levert i 2020. Kr 250 000 ble samla inn av Lions Club Bjerkreim, resten var kommunale midler.

*Arr. Lions Club Bjerkreim*

## ONSDAGSKLUBBEN 3G

Godt humør, godt kledd, godt miljø! Onsdag 5. januar. Til Maurholen Arr. Fellesrådet for eldre og funksjonshemma

## TIRLA

Velkommen til åpen øvelse med Tirla blandakor  
torsdag 6. januar kl 19.30 i kulturbanken!

Vi ønsker velkommen til deg som :

- er nysgjerrig på hva slags kor Tirla er
- har hatt lyst å begynne
- har lyst å bli kjent med nye folk i Bjerkreim

Ingen forpliktelser, bare møt opp på øvelsen og velg selv om du vil synge med, være «publikum» eller litt av begge deler. Vi har kaffi og noe å bite i!

## PENSJONISTLAGET – FØRJULSMØTET

Stad: Vikeså Misjonshus

Tid: Laurdag 11. desember

Kl. 13.00: Festen begynner

Kl. 14.00: Middag med

dessert og kaffi

Kl. 17.00: Vel heim

Arild Øygreid spelar og syng.  
Underholdning m.m.

Medlemmer i Pensjonistlaget «Vi over 60» samt andre pensjonistar, også utflytte frå Bjerkreim, er velkomne. Personleg inviterte, og medlemmer som har betalt medlemskontingent 2020 eller 2021 gratis. Andre kr 250,-

Påmelding seinast torsdag

02.12.2019, kl.12.00 til:

Johan Vassbø. Tlf 951 40 659,

E-mail: johan.vassbo@dabb.no

## INTERNASJONAL KVINNEGRUPPE

Vi er inviterte til å være med på bygdekvinnelagets adventskos med utlodning og grøt, torsdag 9. desember kl. 18.30, på Samfunnshuset. Velkommen! (Det blir ikke samling på skolen onsdag 8.)

## SØNDAGSSKULE VIKESÅ

Me har endelig starta opp att med søndagsskule på Vikeså. Det vert samling samstundes med Søndagssamling og gudstenestar på misjonshuset. Dette vil og gjelda i 2022.

Felles oppstart i møtesalen kl. 11.00. Søndagsskulen begynner ca kl. 11.15.

Du kan og koma direkte til søndagsskulen si samling. Datoer finn du på misjonshuset si nettsida. Me deler oss inn i tre grupper: 3 år til 1. klasse peisestova (yngre er og velkommen 2.-4. klasse pauserommet på kyrkjekontoret 5.-7. klasse loftet

Er du ungdomskule-/vidaregåendelev, eller vaksen vil me gjerne ha deg med på laget.

Ta kontakt med

Magnus Helland tlf.: 916 74 548

Datoar 2021: 28. nov. og 5. des.

VELKOMMEN

## VIKESÅ MISJONSHUS

- 01. kl 20.00 Bønnesamvær
  - 03 kl.20.00 Fredagsklubben
  - 05. kl 10.30 kl 11.00 Søndagssamling + Søndagsskule kl 11.15
  - 06. kl 19.00 Juleavslutning Yngres og Korvetten
  - 08. kl 14.00 Bingo Helselaget
  - 08. kl 19.30 Samtalemøte
  - 11. kl 13.00 Juleavslutning pensjonistlaget
- Dersom koronarestriksjonane tilseier det, kan det henda at nokon av tilstelningane må avlystast. Fylg med på infotavla.

## BJERKREIM BEDEHUS

- 06. kl. 19.00 Yngres
- 11. kl. 19.00 Julesongkveld med SångZ, Ei forteljing til julekrybba
- 13. kl. 18.30 Gutte- og jentelaget
- 15. kl. 19.30 Møte, Sarepta
- 19. kl. 11.00 Endelig søndag, generasjonsmøte NLM
- 20. kl. 19.00 Yngres
- 26. kl. 18.30 Juletefest, IMF, for heile familien
- 28. kl. 17.00 Juletefest, søndagsskulen
- 31. Nyttårsfest BKU

Nasjonalforeningen  
for folkehelsen



## JULEBINGO

Onsdag 8. desember kl 14.00 i Peisestova på Vikeså Misjonshus.

Arr. Bjerkreim helselag

## DUKAR

Helselaget leiger ut kvite dukar.  
Kontakt Ingbjørg Vassbø, tlf. 51 45 22 37/486 03 535





## VELKOMMEN TIL PLANLAGDE GUDSTENESTER:

**Søndag 5. desember kl. 11.00:**

Høgmesse i Bjerkreim kyrkje

**Søndag 12. desember kl. 19.30:**

Lysmesse i Bjerkreim kyrkje

**Julafta, fredag 24. desember:**

kl. 13.00: familiegudsteneste i Ivesdal kyrkje

kl. 14.30 og 16.00: familiegudsteneste i Bjerkreim kyrkje

**Juledag 25. desember kl. 11.00:**

Høgtidsgudsteneste i Bjerkreim kyrkje

**Fredag 31. desember kl. 23.00**

Nyttårs-gudsteneste i Bjerkreim kyrkje

## DØYPTE:

24.10.21 Sofie Slettebø

24.10.21 Jakob Sjøtrø Todal

31.10.21 Erle Othilie Høxbroe  
Sandstøl

## LEDIG VIKARIAT SOM TRUSOPPLÆRAR

Vi har ledig 40 prosent stilling i eitt år frå 20. februar. Sjå utlysing på nettsidene våre.

Søknadsfrist: 6. desember

# Juleevangeliet

*Juleevangeliet er ei av dei vakreste forteljingane i verda. Ho har inspirert både forfattarar, biletkunstnarar, diktarar, skodespelarar og regissørar. Men juleevangeliet er også mye meir enn bare «vakkert». Viss juleevangeliet bare var eit glansbilete, trur eg folk fort ville blitt lei. Men det er noko som stikk djupare og rører noko langt inne i oss.*

*Kva som eigentleg treff den enkelte må nesten kvar enkelt svara for sjølv. Men det anar meg at for somme er det det at historia er så alminneleg. Den handlar om eit svangerskap og ein fødsel. Riktig nok utan satenglaken og fødestove. For andre er det noko med det heilage. For det dukkar jo opp ein herskare med englar. Og det er jo Gud som blir menneske. Noko av det verkeleg store i denne forteljinga er at det heilage møter det alminnelege: Det er heilt vanlege sauebønder englane syng for. Det tilsynelatande alminnelege barnet, det er jo Gud sjølv.*

*Og i lys av det anar me det fantastiske: at vanlege menneske, ja til og med vi bjerkreimsbuar av desember 2021 er skapt av Gud i Hans bilete, og Han har gjesta sitt folk.*

*Så skal me lese denne store forteljinga igjen, for det alminnelege livet er blitt heilag og ukrenkeleg og det er verd å ta vare på. For sanneleg: Gud har blitt menneske. Og kva var det englane song? Jo: Ære vere Gud i det høgste, og fred på jorda blant menneske Gud har glede i!»*

Soknepresten

## 4-ÅRS SAMLING

Det vert samling for 4-åringane (barn f.2017) i Bjerkreim kyrkje laurdag 11. desember kl 10.00-ca 11.30. Me skal få lære litt om kyrkja, høyra bibelhistorie, laga noko fint - og eta masse frukt og kjeks. Påmelding: [post@bjerkreimkyrkja.no](mailto:post@bjerkreimkyrkja.no)

## NB

Vi sender ut invitasjon til ulike aktivitetar til dei som er medlemmer i kyrkja på aktuelt alderstrinn, men alle er velkomne til våre trusopplæringsiltak, uavhengig av medlemskap. Dersom du ynskjer å få slik informasjon, ta gjerne kontakt med oss!

## JULEKONSERT

19. des. kl 18.30  
4. søndag i advent i Bjerkreim kyrkje deltek Vikeså Soul Kids, Bjerkreim barnekor, Ungdomskoret, Hildegunn Gjedrem, Tirla og Bjerkreim brassband på julekonsert. Gratis inngang. Velkomen!

## JULEGAVER TIL DE SOM TRENGER DET MEST

Vi jobber med å få til en julehjelp for vanskeligstilte i Bjerkreim. Mer info om hvordan du kan bidra eller motta denne støtten kommer på våre nettsider i løpet av månedsskiftet.

## SPREIAREAL FOR HUSDYRGJØDSEL.

Spreiearealet for husdyrgjødsel på eigen gard er noko dei fleste som driv husdyrbruk har eit forhold til. Kommunen si rolle i dette er å føra tilsyn og kontrollera at det er nok spreieareal til driftseininga og evt å godkjenna bruk av innmarksbeite som spreieareal.

### Husdyrgjødsel kan i utgangspunktet bare spreiest på fulldyrka og overflatedyrka jord.

Dersom ein i tillegg ynskjer å bruka innmarksbeitet som spreieareal, må dette førehandsgodkjennast av kommunen.

### (NB I utmarksbeite eller anna utmark er det strengt forbode å spreia husdyrgjødsel).

Regelverket for spreieareal har for det meste vore uendra i om lag 30 år, og nokre godkjenningar av innmarksbeite som spreieareal er opp mot 30 år gamle. Desse godkjenningane gjeld framleis, men bare for det konkrete arealet som den gongen vart godkjent. Den første tida etter at regelverket vart teke i bruk, var det vanleg å godkjenna bare ein del av innmarksbeitet til spreieareal i samsvar med det som var trongen og/eller som då var teknisk mogleg å spreia på.

På mange bruk har det med tida skjedd endringar i kva beiteareal som er tilgjengeleg for spreieing. Det har kanskje vorte bygd nye vegar, vorte meir intensiv drift med fleire dyr, eller utstyret for spreieing har vorte betre slik at ein kan røkkja over større del av innmarksbeitet. Difor er det mange som treng ei fornya godkjenning av spreieareal på innmarksbeitet.

Andre argument for dette kan vera:

- Dei aukande prisane på handelsgjødslar gjer at god utnytting av husdyrgjødsla vert viktigare.
- For nokre vert det også spørsmål om å kjøpe inn eller ta i mot husdyrgjødsel frå andre som sjølv har for lite spreieareal.
- I tillegg er nytt regelverk på trappene som truleg vil auka kravet til spreieareal pr. dyreining.

### Me oppmodar difor alle til å setja seg inn i dette og finna ut om arealet som blir brukt til spreieing eller som ein ynskjer å spreia husdyrgjødsel på, er godkjent.

Dei som manglar slik godkjenning eller som har for lite spreieareal i høve til dyretallet, risikerer m.a å få trekk i produksjonstilskotet. Svært mykje av godkjent spreieareal på innmarksbeite er no digitalisert og lagt inn på eit spesialtilpassa kartgrunnlag i Temakart Rogaland. Der skal dei fleste no kunna gå inn og sjekka eige spreieareal. Ei orientering om dette er å finna på Bjerkreim kommune si heimeside. Der finn du og ein «steg for steg» instruksjon om korleis du finn fram spreiearealinformasjonen på dette kartet.

### Nokre fakta og normer :

**Ei gjødseldyreining (GDE)** tilsvarar : 1 mjølkeku, 1,5 ammeku, 3 andre storfe, 7 sauer/geiter, 3 avlspurker, 20 slaktegriser, 100 verpehøner osv.

Talet på dyr pr. gjødseldyreining er fastsett til det talet som skil ut om lag 14 kg. fosfor i gjødsla.

Det er i dag lov å spreie inntil 3.5 kg fosfor i husdyrgjødsel pr. dekar

spreieareal. Dette medfører eit krav om minst 4 dekar spreieareal pr. gjødseldyreining. Ved spreieing av husdyrgjødsla er det ofte spørsmål om volumet av gjødsla og då kan fylgjande tabell vera nyttig:

DYRESLAG	m <sup>3</sup> /GDE	m <sup>3</sup> /dyr	dyr/GDE	m <sup>3</sup> /dekar
Melkeku	20,00	20	1	5,00
Ungdyr		6,67	3	
Hest	20,00	10	2	5,00
Slaktegris/ avlspurker	12,50	0,625	20	3,125
		4,17	3	
Sau og geit	14,30	2,04	7	3,60
Fjørfe TS < 33%	6,25		100 verpehøner	1,60
Fjørfe TS > 33%	2,77		100 verpehøner	0,70

Tala i tabellen gjeld mengder (m<sup>3</sup>) pr. år.

Landbrukskontoret har i det siste intensivert arbeidet med å gjennomføra nye godkjenningar av spreieareal på innmarksbeite. Me vil difor koma med fylgjande oppmoding:

**Dersom du er usikker på om, eller kor mykje av innmarksbeitet ditt som er godkjent som spreieareal så ta kontakt med kommunen. Me vil då saman med deg vurdera dette og sjå om det trengs ei oppdatering av og/eller ny godkjenning av spreieareal på innmarksbeitet på di driftseining.**

## INFORMASJON

Når du trenger fotograf, innramming eller hjelp til noe fotorelatert...  
Vi benytter alt fra 120 år gamle kamera til dagens moderne digitale løsninger.



### Han med hatten

..til hverdags og fest, fra 1851 til i dag

Følg oss på hanmedhattenfoto

Les av med mobilkamera Hanmedhatten.no | post@hanmedhatten.no | 900 20 955

### PITTERGARDEN VIKESÅ

☎ 415 14 836, 481 81 804

Ull produkter, håndverk

Lokaler med særpreg:

Årsmålsdager, events, konserter.

Inn på Tunet "Trygg med hest", for barn

Arkitekter MNAL, NIL. [www.arkaarberg.no](http://www.arkaarberg.no). Tlf 481 81 804



## Gitar og Handverk DA



*Vi leverer blomsterdekor på bestilling,  
gitarreperasjoner og rekvisitasalg.*

Heiavegen 70, 4389 Vikeså Telefon 900 18 689/952 37 450  
[www.gitaroghandverk.no](http://www.gitaroghandverk.no)

## ADVOKAT1

ADVOKAT MONICA SOLBERG-LEINEBØ

Alminnelig praksis.  
Åpent etter timeavtale på «Malerloftet», 4389 Vikeså  
Tlf 924 69 775/ 4000 3150  
[solberg@advokat1.com](mailto:solberg@advokat1.com), [www.advokat1.com](http://www.advokat1.com)

Bjerkreim  
legekontor  
51 20 43 30

[www.bjerkreimlegekontor.no](http://www.bjerkreimlegekontor.no)

Vask hendene  
og ta vare  
på kvarandre!

**coop**  
Vikeså

**coop**  
byggmix

**EXTRA**

**coop**  
prix

Extra Vikeså

Man-Fre 07.00-22.00 Lør 08.00-21.00

Coop Byggmix / Landbruk

Man-Fre 08.00-18.00 Lør 09.00-16.00

Coop Prix Bjerkreim

Man-Fre 08.00-21.00 Lør 09.00-20.00

coop



Eigersund  
Dyreklinikk

Telefon 51 49 13 04

VELKOMMEN TIL  
KLINIKKEN  
PÅ NYTORGET 3!

Heste- og stordyrpraksis Tore Malmei 900 59 222

Kontortid: 08.00 - 09.30

**Dyrlege Marit Brevik, Vikeså**  
Spesialistkompetanse på tannsykdommer  
hund og katt

Timebestilling 95141920



Kiropraktisk behandling av dyr  
Kastrering og sterilisering  
Kirurgi  
Digital røntgen  
ID-merking  
Vaksinering  
Tannbehandling

Vikeså veterinærkontor

Vakt telefon alle dyr • Tlf. 51 45 21 65

ÅPENT TIL KL 22.00 HVER DAG



**ESSO**

**VIKESÅ  
VEISERVICE AS**

- Kafé
- Turistinformasjon
- Fiskekort m.m.

4389 VIKESÅ – Tlf: 51 45 97 00

VELKOMMEN INNOM!